



Nye Sogndal kommune

<b>Nr.:</b>	<b>Tittel på arbeidsgruppa:</b> <b>Tekniske tenester</b>		
<b>Oppnemnd:</b> <b>12-1-18</b>	<b>Oppnemnd av:</b> <b>Administrativ styringsgruppe</b>	<b>Frist for gruppa:</b> <b>Fase I: 1.4.18</b>	<b>Saksnr.</b> <b>18/253</b>
<b>Mandat til arbeidsgruppa:</b>			
<b>1. Kunnskapsgrunnlag</b>			
Utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for tenesteområdet som skildrar:			
1.1 Status for tenesteområdet i dag.			
1.2 Gjeldande avtaler internt og mot tredjepart.			
1.3 System og programløyisingar.			
1.4 Kompetanse.			
1.5 Relevante nøkkeltal.			
1.6 Utfordringar med grunnlag i nasjonale og kommunale føringar.			
Frist for kartleggingsfasen blir sett til 01.04.2018.			
<b>2. Tiltaksplan</b>			
Temagruppene skal lage ein tiltaksplan for oppgåver innanfor ansvarsområdet som må løysast før den nye kommunen er på plass. Tiltaksplanen skal innehalde:			
<ul style="list-style-type: none"><li>• omtale av tiltaket</li><li>• ansvar og omfang</li><li>• når ferdig.</li></ul>			
<b>3. Grunnlagsdokument</b>			
Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget, utarbeide eit grunnlagsdokument som skildrar satsingsområder, mål og strategiar for tenesteområdet.			
<b>4. Organisasjonsplan</b>			
Med bakgrunn i grunnlagsdokumentet, utarbeide ein organisasjonsplan for tenesteområdet som skildrar organisering, lokalisering og rolle- og tenestefunksjonar. Organisasjonsplanen skal bygge på overordna prinsipp for organisering som er vedteke av overordna organ.			
<b>Ressursbruk og effektivisering</b>			
I arbeidet med grunnlagsdokumentet og organisasjonsplanen skal det takast omsyn til aktuelle føringar og målsettingar i politisk plattform for «Nye Sogndal kommune». Vidare skal det takast omsyn til best mogleg bruk av ressursar og effektivisering av tenestene.			
<b>Framdrift</b>			
Arbeidet med planlegging og førebuing av «Nye Sogndal kommune» vil bli forankra i ein eigen «Prosjektplan». Prosjektplanen kjem på plass når prosjektleiar/ny rådmann startar opp. Prosjektplanen vil fastsetje eigen framdriftsplan for både dei politiske og administrative arbeidsgruppene. Frist for punkt 2, 3 og 4 vil styringsgruppa difor kome tilbake til.			
<b>Leiar i arbeidsgruppa:</b> Arne Abrahamsen			
<b>Medlemmar i arbeidsgruppa:</b> Arne Abrahamsen Cornelis Erstad Ervin Beheim Kristina Karlsen Tillitsvald: Markus Werner Mohen			
<b>Avslutta:</b>	<b>Vedteke av:</b>	<b>Sak.nr:</b>	
<b>Merknader:</b>			